



VINJE

Dato: 03.12.2025

Vår referanse: 2022/210-268

Sakshandsamar: Anne-Sofie Bergene Strømme

Internt notat

KPA - Justering av plandokument i høve myr og våtmark

Bakgrunn

Det er avgjerande å sjå plankartet og føresegnene i samanheng, då begge dokumenta er juridisk bindande. Ved å presisere i føresegnene at det ikkje er tillate å byggje ned myr eller gjennomføre tiltak som øydelegg den økologiske funksjonen og vassbalansen, blir dette juridisk bindande ved vidare detaljregulering eller tiltak i område med myr eller våtmark.

Dersom det i tillegg blir stilt krav om meir detaljert kartlegging av myr, til dømes gjennom synfaring i felt, vil dette gje eit betre kunnskapsgrunnlag på reguleringsplannivå enn å fjerne delar av området B5 i Rauland frå plankartet basert på AR5-kartlaget. Det er viktig å understreke at KPA er ein «grovmaska» plan, og det er ikkje mogleg å ta ut alle små område som kan kome i konflikt med ulike omsyn. Kommunen vil halde arealdelen på eit strategisk nivå og ikkje trekkje inn detaljar som høyrer heime i reguleringsplanprosessar.

Kartgrunnlag

Det er gjennomført NIN-kartlegging i 2024 utan funn av myr i området B5 i Rauland, i tråd med Miljødirektoratet sin instruks. Kommunen meiner AR5-kartlaget ikkje er tilstrekkeleg for å avgrense myr i dette området. Miljødirektoratet har òg peika på at AR5 har ein treffprosent under 50 %, jf. høyringsnotat til forslag om endring av plan- og bygningslova (forbod mot nedbygging av myr), side 10.

Arealstrategiar

Kommunen vedtok arealstrategiar for KPA i kommunestyret 16.04.2024 (sak 52/24). Intensjonen med planen er å ivareta myr, våtmark, karbonrike areal og andre viktige naturkvalitetar, noko som er tydeleggjort i punkt 4 og 9 i strategiane.

4 - Planen skal ta omsyn til sårbar natur og viktige naturverdiar.

- Ikkje-realisererte byggjeområde i gjeldande kommuneplan og kommunedelplanar som omfattast av planarbeidet skal revurderast i lys av ny kunnskap og føringar t.d. knytt til myr, leveområda for villreinen, vassdrag og areal over tregrensa.
- Før det leggjast ut nye byggjeområde skal potensialet i eksisterande område vera vurdert.
- Nye byggjeområde skal ikkje vera i konflikt med sårbar natur eller viktige naturverdiar.

9 - Løysingar i planen skal ta høgde for klimaendringar og i størst mogleg grad unngå klimagassutslepp som fylgje av omdisponering av areal.

- Karbonrike areal som myr, gamalskog og skog med høg bonitet bør ivaretakast.
- Naturbaserte løysingar for klimatilpassing og samfunnstryggleik skal leggjast til grunn.

Føresegner til høyring og offentleg ettersyn:

Inngrep i myr og andre typar våtmark skal unngåast så langt som mogleg, slik at areala si evne til lagring og opptak av karbon og flaumdemping blir oppretthalden. I planforslag eller søknad om tiltak som medfører inngrep i slike areal, skal alternativ vurderast og konsekvensar skal utgreiast.

Pkt. 1.8 Natur og grønne kvalitetar (§ 11-9 nr. 6 og 8):

Det er ikkje tillate tiltak på dyrka mark, myr eller i skog av høg bonitet, og nye tiltak skal ta omsyn til verdifullt kulturlandskap.

Pkt. 5.4.1. Fellesføresegner for spreidd utbygging bokstav b:

Føreslegne reviderte føresegner:

1. Pkt. 1.8 Natur og grønne kvalitetar (§ 11-9 nr. 6 og 8):

Inngrep i myr og andre våtmarksområde er forbode dersom tiltaket fører til vesentleg skade på areala si økologiske funksjon og evne til karbonlagring, karbonopptak eller oppretthalding av naturleg vassbalanse. Ved utarbeiding av planframlegg eller søknad om tiltak som kan påverke slike areal, skal alternative løysingar vurderast, og konsekvensane av inngrepet skal greiast ut. Det skal gjennomførast detaljert kartlegging av myr på reguleringsplannivå, og identifiserte område skal sikrast gjennom omsynssoner og tilhøyrande føresegner i reguleringsplan.

2. Pkt. 1.18 Krav til dokumentasjon i reguleringsplanar, leggje til kartlegging av myr og våtmarksområde i kulepunkt 4:

Kartlegging av naturmangfald, **myr og våtmarksområde** dersom dette ikkje er tilfredsstillande kartlagt frå før.

Plankart

Kommunen ynskjer ikkje å avgrense området B5 på Rauland basert på AR5-kartlaget, sjølv om delar av området er registrert som myr. Kommunen meiner at dei reviderte føresegnene ivaretek omsynet til myr og våtmark på ein betre måte, ved å stille krav om detaljert kartlegging og vurdering av alternative areal på reguleringsplannivå. Det er no tydelege føresegner som fastslår at tiltak i myr og våtmark er forbode, jf. reviderte føresegnene punkt 1.8, 1.18 og 5.4.1.

Konklusjon

Planen har som overordna mål å ivareta myr, våtmark, karbonrike areal og andre viktige naturkvalitetar. Kommunen vurderer at dei føreslegne føresegnene, som inneber forbod mot tiltak i myr og våtmark og krav om detaljert kartlegging ved detaljregulering, er tilstrekkelege for å sikre desse omsyna. Endringane gjev eit betre kunnskaps- og beslutningsgrunnlag på reguleringsplannivå, og legg til rette for at myr og våtmarksområde blir ivaretekne i tråd med intensjonen i planen.